

OGNA SOKNERÅD ÅRSMELDING 2024

// INNKALLING TIL KYRKJELYDSMØTE 6. APRIL 2025

**VISJON FOR OGNA SOKN:
MED JESUS UT I KVARDAGEN.
EI VEDKJENNANDE, MISJONERANDE,
TENANDE OG OPEN FOLKEKYRKJE.**



DEN NORSKE KYRKJA
Ogna sokn

Innhald

Ogna sokneråd 2024.....	3
Representantar Hå kyrkjelege fellesråd:	3
Hovudoppgåver:	3
Saker	4
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	4
Diverse hendingar gjennom året:.....	4
Samarbeidsavtaler om misjon med Normisjon og Israelsmisjonen held fram:	5
Takkoffer	5
Offer til andre organisasjoner	5
Innsamla til eige arbeid	6
Innsamla til eige arbeid går m. til å dekkja.....	6
Tilsette	6
Medlemsoversikt 2024.....	7
Årsmelding 2024: Gudstenesteutvalet i Ogna sokn	8
Årsmelding 2024: Trusopplæringsutvalet i Ogna sokn	9
Aktivitatar:.....	9
Årsmelding 2024: Diakoniutvalet i Ogna sokn	10
Årsmelding 2024: Stokkalandsmarka menighet.....	11
Menighetstilbud i Stokkalandsmarka:	11
Baby- og småbarnssang.....	11
Kniv&Gaffel.....	11
Stokkalandsmarka KFUK-KFUM speidere.....	11
Årsmelding 2024: Stokkalandsmarka KFUK-KFUM speidere.....	12
Formål.....	12
Speidaren i Stokkalandsmarka (2. klasse og oppover)	12
Innkalling til kyrkjelydsmøte / Årsmøte	14
Saksliste:	14

Ogna sokneråd 2024

Liv Lende Olsen – leiar

Liv Blindheim – nestleiar

Ivar Jaarvik

Jonas Sveinsvoll – Fram til og med 18.04.2024

Aslaug Oltedal

Fram til og med 18.04.2024: 1. vara

Fra 19.04.2024: fast medlem

Laila Arnesen – 2. vara

Otto Mæland – 3. vara

Alfred Maudal Paulsen (sokneprest)

Palle Gunnar Haarr (prestevikar)

Kell Krogh Jacobsen (daglig leder)

Representantar Hå kyrkjelege fellesråd:

Liv Lende Olsen

Ivar Jaarvik

Hovudoppgåver:

«Soknerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Soknerådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.» (Kirkeordning for Den norske kirke § 12)

Saker

I tillegg til vanlege administrative saker har soknerådet m.a. arbeid med desse sakene:

- Gudstenesteforordning i Ognå sokn
- Gudstenesteplan og offerliste
- Årsmelding 2023
- Regnskap 2023
- Gåve til brudepar ved vigsel i Ognå sokn
- Årsmøte 2024
- Menighetsutvikling
- Konsert med Arredondo/Sødal
- Økonomisk støtte til å lønne konfirmantmedarbeider i Varhaug kyrkje
- Økonomisk støtte til deltakelse for Ognå konfirmanter i konfAction
- Konfirmasjonsdatoer 2027 og 2028
- Temagudsteneste «Sammen» i alle bispedømmets menigheter
- Framtidig organisering av menighetsarbeidet i Stokkalandsmarka
- Høringar
- Konstituering av sokneråd

Soknerådet har hatt 7 møte og 49 saker er handsama.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Døpte:	27	32	32	28	25	26	18	23	18	22	13	32	12
Konfirmerte	16	20	26	22	23	18	17	17	21	27	27	15	11
Vigde:	12	8	10	10	6	1	5	3	7	6	5	8	5
Gravferder:	17	9	16	6	13	15	17	14	14	12	18	13	27
Gudstenester (sun- og heilagdag):	54	62	56	54	55	51	52	56	44	25	50	61	31
Avlyste gudstenester									21	21	0	0	7
Familiegudstenester	6	6	15	12	14	18	2	4	14	14	3	13	2
Gudstenedeltakarar	3628	4154	3970	3776	4090	3920	3924	4514	2210	2107	3103	3634	2179
Nattverdgjester:	897	1071	789	1148	1227	1280	1275	1425	855	335	827	1108	915
Gjennomsnitt pr. gudsteneste:	67	63	70	69	74	71	75	80	50	54	62	46	70
Innmelde	-	-	-	0	1	1	4	5	2	3	5	1	4
Utmelde	-	-	-	5	48	25	19	14	11	9	8	17	14

Diverse hendingar gjennom året:

- Andaktar på Olsvoll bu- og velferdssenter ved jamne mellomrom.
- Årsmålsbesøk ved kvart 5. år frå fylte 80 år
- Babysong – «Gynge lite grann»

- 4- åringane har fått barnebibel.
- Samtalar og vitjing i heimane
- Lys Vaken
- Babysang og Småbarnssang i Stokkalandsmarka
- Speidararbeid i Stokkalandsmarka
- Konfirmantane har fått Bibel og har vore med i anna konfirmantarbeid

Samarbeidsavtaler om misjon med Normisjon og Israelsmisjonen held fram:

- Ogn kyrkjelyd gir 4 offer i året til Normisjon sitt arbeid.
- Gir to offer i året til Israelsmisjonen
- Gir fire offer i året til Gisma stasjon, Etiopia
- Gir to offer i året til Kirkens SOS

I 2024 ble 7 gudstenester avlyst, hvorfor antallet av offer ikkje går opp med antall offer i samarbeidsavtalen.

Takkoffer

Takkoffer	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Til eige arbeid:	27.936	95.292	83.470	112.026	66.877	89.914	25.649	49.862	54.465	47.355	37.440
Andre org:	96.806	92.183	57.146	64.670	57.705	89.320	66.372	77.522	101.543	115.322	95.222
Takkoffer totalt:	124.742	187.475	140.616	176.696	124.582	179.234	92.021	127.384	156.008	162.677	132.662

Offer til andre organisasjoner

Organisasjon	Antall	Beløp
Normisjon	4	11.382,00
Gisma stasjon	3	23.300,00
Den norske israelsmisjon	1	4.700,00
Det norske bibelselskap	1	2.550,00
Norsk Luthersk Misjonssamband	1	3.350,00
Blå kors Norge	1	2.150,00
Kirkens SOS	1	4.650,00
Det Norske Misjonsselskap	2	9.000,00
Indremisjonsforbundet IMF	1	4.300,00
Sjømannskyrkja	1	3.850,00
Åpne dører	2	8.600,00
KRIK	1	5.400,00
Kirkens Nødhjelp	2	11.990,00
		<hr/> 95.222,00

Innsamla til eige arbeid

Eige arbeid	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Takkoffer til eige arbeid:	27.936	95.292	83.470	112.026	66.877	89.914	25.649	49.862	54.465	47.355	37.440
Gåver/gjevarteneste	9.000	9.000	13.350	23.629	41.400	59.800	24.196	6.600	55.950	63.800	62.110
Til eige arbeid	36.936	104.292	96.820	135.655	108.277	149.714	49.845	56.462	110.015	111.155	99.550

Innsamla til eige arbeid går m. til å dekkja

- Lønn til diakonimedarbeider
- Bøker til 4- og 6- åringar
- Biblar til nygifte
- Dåpsklud, fadderhelsingar, dåpsbilde med ramme til dåpsbarn
- Blomehelsing (80 – 85 - 90 år og 90 +)
- Blomar til kyrkja
- Mat til ymse tilstellingar
- Kyrkjekaffi
- Utstyr til babysong
- Salmebøker

Tilsette

Sokneprest Alfred Maudal Paulsen (100% stilling)

Vikarprest Palle Gunnar Haarr (50% stilling)

Organist Geir Palle Haarr (30 % stilling)

Daglig leiar Kell Krogh Jacobsen (30% stilling)

Kyrkjelydspedagog Solveig Høyland (50% stilling i Oгна sokn; 30% i Oгна, 20% i Stokkalandsmarka)

Vikar kyrkjelydspedagog Ingeborg Løge Hølland (20% stilling med fokus på Stokkalandsmarka)

Kateket Siri Aarsland, (20 % stilling)

Kyrkjetenar Willow Mingar-Walker (timelønnet)

Kyrkjetenar Arnstein Friestad (timelønnet)

Kyrkjegardsarbeidar Ole Morten Stokland (100 % stilling) – heile Hå

Diakon Kjersti Olimb Salte (100% stilling) – heile Hå

Kyrkjeverge Svein Olav Nesse (100% stilling) – heile Hå


Gravferder og bryllaup organiseres fra Hå Kyrkjekontor.

Tilsette i Oгна sokn gjer ein flott innsats for arbeidet i soknet, og soknerådet vil retta ein stor takk til alle tilsette.

Soknerådet er svært takksam for alle som er med i frivillig arbeid i soknet. Mykje dugnadsinnsats vert gjort på mange ulike arenaer –både sundagar og i vekene - for born, vaksne og eldre, i bøn og gjennom aktiv deltaking i aktivitetar og utval.

Tusen takk for alle krefter som vert brukte i arbeidet!

Medlemsoversikt 2024



Pr. 31.12	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Medlemmer	2.071	2.135	2.137	2.141	2.137	2.170	2.200	2.216	2.262	2.252	2.255
Tilhørige	64	59	63	63	68	62	58	0	0	0	0
Sum	2.135	2.194	2.200	2.204	2.205	2.232	2.258	2.216	2.262	2.252	2.255

Årsmelding 2024: Gudstenesteutvalet i Oгна sokn

Gudstenesteutvalet i Oгна sokn har i 2024 bestått av medlemmer frå soknerådet, leiarar for gudstenestegruppene og tilsette. Desse har vore Laila Arnesen, Liv Blindheim, Venke Nygaard Abrahamsen, Ivar Jaarvik, Geir Palle Haarr (organist) og Alfred Maudal Paulsen (sokneprest).

Gudstenesteutvalet har ikkje hatt møter i 2024.

Gudstenestegrupper i Oгна kyrkje 2024:

Gruppe 1:	Gruppe 2:	Gruppe 3:
Laila Arnesen Kjell Gunnar Arnesen Ivar Jaarvik Grethe Wesnes Tor Wesnes Ragnhild Friestad Ove Friestad Kirsten Stokkeland Olav Tangen	Liv Blindheim Svein Olav Blindheim Andreas Løge Synnøve Løge Solfrid Bergersen	Venke Nygaard Abrahamsen Ben Eivind Nygaard Abrahamsen Oddny Søyland Marit Herredsvela Sven Austbø

Utvalet vil retta ein stor takk til alle som deltek på ulik vis i samband med gudstenestene i soknet.

Oгна, 27.02.2025

Kell Krogh Jacobsen

Årsmelding 2024: Trusopplæringsutvalet i Ognå sokn

Desse har vore med i utvalet: Aslaug Oltedal, Alfred Maudal Paulsen, Solveig Høyland og Liv Blindheim.

Aktivitetar:

Sidan trusopplæraren vart sjukmeld tidleg på året, måtte den planlagde dåpsskulen avlysast. Slik vert det invitert to årskull til dåpsskule våren 2025.

Det var eit lite årskull dette året, så derfor vart 11 konfirmantar konfirmerte denne våren.

Hausten var tida for utdeling av 4-årsboka. Dette året var det berre 3 fireåringar som fekk boka på gudstenesten. Det var ikkje samling laurdagen med born og foreldre, fordi denne samlinga kolliderte med annan aktivitet i soknet der borna var deltakarar.

Den 23. oktober vart det halde eit samtalemøte om arbeidet i Stokkalandsmarka. I og med at arbeidet stort sett er drive frå Varhaug, er det naturleg at eigarskapen til arbeidet høyrer til Varhaug sokn. Det har vore svært god oppslutnad om babysong.

Det vart invitert til Lys Vaken 23. – 24. november.

Seks born var påmelde, og det var fire leiarar. Vi hadde ei flott samling og avslutta med fin gudsteneste sundagen.

Både trusopplæraren og soknepresten har vore sjukmelde mesteparten av 2024. Vi har vore heldige som har hatt Palle Gunnar Haarr som vikar for presten store delar av året, og han har hatt ansvar for konfirmantane saman med Siri Årsland.

I desember sa Marie Veggeland seg villig til å vera vikar for trusopplærar, og det er vi svært takksame for!

Mange takk til alle dykk som støttar trusopplæringsarbeidet økonomisk, praktisk og ikkje minst i forbønn!

Alt arbeid for born og unge er svært viktig!

Sirevåg 18. februar 2025

For Trusopplæringsutvalet

Liv Blindheim!

Årsmelding 2024: Diakoniutvalet i Oгна sokn

Diakoniutvalet har i 2024 vore samansett slik: Ståle Berland, Kirsten Stokkeland, Judith Marie Taarland, Venke Nygård Abrahamsen, Synnøve Løge og Laila Arnesen som var representant frå soknerådet og diakoniarbeidar. Utvalet har hatt 2 møter og arbeidet med desse sakene:

Åremålsbesøk

Marit Herredsvela, Venke og Ben Eivind Nygård Abrahamsen har gått til 80 og 85 års-jubilantane. Diakoniarbeidaren har gått på besøk til dei som er 90 år og eldre. Mange fekk besøk og sette stor pris på det.

Fasteaksjonen 19.mars

Tema var det same som året før «Håp i en dråpe vann» og midla gjekk til jordbruk og vatningssystem. Det var kunn 11 konformantar og 3 frå diakoniutvalet hadde ansvar for å senda ut og ta imot dei.

Pinseblomster på Olsvoll 16.mai

Elevar i 5.trinn på Oгна skule delte ut roser og framførte 2 flotte songar for dei gamle på Olsvoll.

Diakoniens dag 13. oktober

Det var diakoniens dag og hausttakkefest same sundag og dette ble ein flott gudsteneste kor sanitetskvinnene hadde pynta fint framme i kyrkja. Diakoniutvalet deltok med ulike oppgåver og diakoniarbeidaren talte om Maria som hadde valt «den gode del».

Allehelgensdag 3. november

Diakoniutvalet deltok med tekstlesing og lystenning. Siri Østebø deltok med flott song og Lars Ole Bergesen med fin musikk på fiolin. Det kom svært mange. Nesten alle familiar var representert. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar.

Formiddagstreff

Vi evaluerte formiddagstreff og kom fram til at vi ikkje held fram med dette vidare nå. Det er ganske mange til bod for folk på dagtid i området og behovet er difor begrensa. Det var ikkje så mange utanom diakoniutvalet som kom på dei 3 samlingane vi hadde hausten 2023.

Vi bestemte å legge formiddagstreffet på is og sjå om det kan vere behov på eit seinare tidspunkt.

Anna diakonalt arbeid i kyrkjelyden

Andaktar på Olsvoll ble gjennomført. Pilegrimsvandringar, KIA, Onsdagskaffien og tilrettelagt gudsteneste er felles for heile Hå og ble gjennomført. Det var og tilbod om å delta i ulike sorggrupper og støttegruppe for barn. Sorggruppene er eit samarbeid mellom diakonar på Jæren, Sola og Sandnes

For diakoniutvalet

Kjersti Olimb Salte

diakoniarbeidar

Årsmelding 2024: Stokkalandsmarka menighet

Stokkalandsmarka er et menighetsplantingsprosjekt som ble satt i gang i 2015 med egen prest og styringsgruppe. Visjonen for Stokkalandsmarka menighet er: «Følge Jesus – sammen».

Menighetstilbud i Stokkalandsmarka:

Anders Primstad sluttet i jobben som menighetsutvikler i Stokkalandsmarka våren 2024. I samme periode ble kyrkjelydspedagogen langtidssykemeldt, hvorfor en del tid og arbeid har vært brukt på å få igangværende arbeide videreført samt planlegging av arbeidet framover.

Soknerådet i Ognå har brukt en del tid det siste året på å få på plass ein samarbeidsavtale med Varhaug sokn om arbeidet i Stokkalandsmarka. Dette fordi vi ser at folk, konfirmanter m.fl. søker mot Varhaug når de ønsker å delta i kirkens arbeide. Frå og med 1. januar 2025 blir det Varhaug sokn som har det formelle ansvaret for arbeidet som skjer i Stokkalandsmarka.

Baby- og småbarnssang

Vi har vært heldige å Ingeborg Løge Hølland som vikar for kyrkjelydspedagogen for å videreføre Baby- og småbarnssang. I løpet av 2024 har 34 babyer vært innom Babysang, og 29 småbarn vært innom Småbarnssang. Baby- og småbarnssang blir holdt annenkvar uke.

Kniv&Gaffel

I samarbeid med NMS Varhaug, NMS Vigrestad, og Varhaug kyrkje arrangere vi Kniv & Gaffel. Her samlast me ein fredag i månaden i kjelleren på Vigrestad misjonshus til andakt, taco, sosisalt samvær og aktivitetar for barna. Frivillige lagar maten og tilsette har ansvar for innkjøp og dekking av bord. Det har vore god oppslutning kring tilbodet i 2024 med eit snitt på 75 deltakarar per samling.

Stokkalandsmarka KFUK-KFUM speidere

Speidergruppa (KFUK/KFUM) har hatt møter tilnærmet annenhver onsdag. Se egen årsmelding fra speiderne.

Målet med arbeidet vil hele tiden være at stadig flere, barn som voksne, skal bli kjent med Jesus og følge ham.

Årsmelding 2024: Stokkalandsmarka KFUK-KFUM speidere

Speidergruppa Stokkalandsmarka KFUK/KFUM ble stiftet den 5. juni 2019.

Formål

Stokkalandsmarka KFUK/KFUM er tilsluttet Norges KFUK/KFUM, der målet er å drive et speiderarbeid for å hjelpe barn og unge til å utvikle en kristen tro og oppdra dem til ansvarsbevisst, selvstendighet, samfunnsmessig engasjement, mellommenneskelig forståelse og respekt for naturens verdi.

Speidaren i Stokkalandsmarka (2. klasse og oppover)

Speidaren i Stokkalandsmarka har to grupper ei for 2. og 3. klasse, og ei for 4. klasse og oppover. Fram til sommaren slutta speiderne i Stokkalandsmarka når dei byrja i 6. klasse og kunne gå over til Vigrestad KFUK/KFUM. Men då dei ikkje klarte å få leddarar til å driva gruppa opna speidaren i Stokkalandsmarka for at alle frå 2. klasse og oppover kan delta.

Det er med mange frivilige på begge gruppene - utan deira innsats hadde det ikkje vore mogleg å driva speidararbeidet.

Eit speidarmøte inneheld flaggutrulling, andakt, bøn, speidaraktivitet og avslutning med speidarbøn og speidarhelsing.

I sommar var seks speidarar, ein rover og to leddarar på kretsleiren i Bjerkreim saman med speidarane frå Varhaug. I haust reiste åtte 4. og 5. klassingar saman med fem vaksne på stifinnerekspedisjonen som kretsen arrangerte på Alsvik natursenter.

Det var 78 betalende medlemmar i speidaren. 125 barn er registrert som deltakar på eitt eller fleire møter og ein ser at ein samlar speidar frå Vigrestad i nord til Sirevåg i sør i Stokkalandsmarka. Turid Boganess er hovedleddar for gruppa og er ansvarleg for 4. klasse og oppover. Ingeborg Løge Hølland er ansvarleg for gruppa for 2. og 3. klasse.

Årsmelding 2024: Kyrkjelydsblad for Hå

Kyrkjelydsbladet har i 2024 kome ut med 4 nummer.

Styret har frå hausten av bestått av: Arnstein Njærheim, Liv Lende Olsen, Peter Vagle. I tillegg har kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje møtt på styremøta.

Styret har hatt to møte. Kyrkjeverja har vore ansvarleg redaktør og forretningsførar for bladet.

Åslaug Harbo og Adm.sekretær på kyrkjekontoret har vore ansvarlege for annonsesalet.

Redaksjonen har vore leia av Kell Krogh Jacobsen (frå staben),

Tema i 2024 har vore desse:

- Den kristne trua
- Reportasjar frå ulike misjonsprosjekt
- To av blada hadde ikkje spesielle temaer.

Bladet kom ut med et opplag 7900 eksemplar. Bladet blir distribuert til alle husstandar i Hå kommune. I tillegg er det nokre enkeltpersonar samt institusjonar som får bladet tilsendt.

Frivillig kontingent og annonsar er dei økonomiske rammene ein har å arbeida utifrå. Det har vist seg litt vanskelegare å få nok annonsar, så her har styret fokus framover.

Dei siste åra har frivilleg kontingent halde seg stabilt og utgjør ein stor andel av økonomien til bladet.

Styret vil takke alle gode bidragsytere, frivillige medarbeidere, redaksjon og tilsette for samarbeid og støtte i året som ligg bak.

Varhaug 22.01.2025

Peter Vagle (Leiar)

Liv Lende Olsen

Arnstein Njærheim

Kell Krogh Jacobsen

Svein Olav Nesse

Kyrkjeverje

Innkalling til kyrkjelydsmøte / Årsmøte

Kyrkjelydsmøte/årsmøte for Ognå sokn blir søndag 6. april rett etter gudstenesta.

Saksliste:

- Oppnevning av to personer som protokollunderskrivere.
- Årsmelding

Andre saker må være meldt til dagleg leiar på e-post: kell.jacobsen@hakyrkja.no innan onsdag 19. mars 2025.

Ogna sokneråd vil takka alle bidragsytarar til kyrkjefellesskapet vårt,

alt engasjement, forbøn og gjevarglede!

De er limet i kyrkja vår og ei viktig brikke i visjonen vår.

- Guds signing i kvardagen –

Liv Lende Olsen

Soknerådsleiar

Kell Krogh Jacobsen

Dagleg leiar

